



**POLITIET**

# Avtale om tenestetilbod

*mellom Meland kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt*

Avtalen er inngått og signert 19.06.2019

## **Innhald**

1. Innleiing /formål .....	2
2. Tenestetilbod.....	2
3. Politikontakten .....	2
4. Politiråd.....	3
5. SLT (samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak).....	3
6. Forventningar til samarbeid .....	3
7. Spesielle fokusområder .....	3
8. Organisering av samarbeidet.....	3
9. Administrative forhold.....	3
10. Evaluering .....	3

## 1. Innleiing /formål

Vidareutvikling av det førebyggjande arbeidet er ein av dei viktigaste kvalitative endringane som skal gjennomførast i politireforma og skal derfor ha stort fokus. Det skal utarbeidast ein gjensidig forpliktande avtale mellom politidistriktet og kommunane om tenestetilbod, politikontaktens rolle og politiråd.

Det er nødvendig ein gjensidig pliktar seg til at det førebyggjande arbeidet skal fungere best mogeleg. Det er derfor ønskelig å beskrive både kva politiet og kommunen kan bidra med i dette samarbeidet. Avtalen skal regulera arbeidet på både operativt og strategisk nivå. Avtalen skal tilpassa behovet i kvar enkelt kommune, men stort sett omhandle dei same tema.

## 2. Tenestetilbod

Politiet er etablert ved to tenestestadar i Nordhordland lensmannsdistrikt. Tenestestadane skal vera i Knarvik i Lindås kommune og på Hosteland i Masfjorden kommune. Samfunnsoppdraget til lensmannsdistriktet er å gi hjelp og service til innbyggjarar, samt skapa tryggleik, lov og orden i kommunen.

Opningstider ved tenestestaden i Knarvik vil vera måndag til fredag frå kl. 09.00 til 15.00. I tillegg vil ein ha langope på torsdagar til kl. 19.00. Opningstider ved tenestestaden i Masfjorden vil vera tysdag, onsdag og torsdag frå kl. 10.00 til kl. 1400, men en må rekne med at kontoret kan vera stengt i særskilde høve.

Ved kontoret i Knarvik er hovudkontoret i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik tilbyr teneste innan politifaglige områder. Mottak av meldingar og etterforsking i straffesaker skjer i hovudsak frå dette kontoret. Dei fleste politipatruljer har Knarvik som utgangspunkt. På enkelte kontordagar i Masfjorden vil politipatrulje kjøre ut frå dette kontoret.

Kontoret i Knarvik har vidare ansvar for sivil rettspleie og forvaltningsoppgåver tillagt lensmannsdistriktet. Sivil rettspleie er sakshandsaming og ansvar for utleggsforretningar, forliksrådssekretariat og gjeldsordning i lensmannsdistriktet. Kontoret i Knarvik kan vidare utsteda pass, utsteda kjøresetel, utsteda brukthandelsløyve, mottak av våpensøknadar, bistand i arv- og skiftesaker, mottak av hittegodt. Kontoret er også høringsinstans ifm. kommunale løyve.

Lensmannskontoret vil delta aktivt i politiråd, beredskapsråd, kommunen sitt psykososiale kriseteam og kommunen si kriseleing

Lensmannskontoret vil også delta i etablerte kriseteam ved ungdomsskulane i kommunen.

Det vil vera egen politikontakt som er kontaktledd mellom lensmannsdistriktet og kommunen, samt andre eksterne organisasjonar politiet samarbeider med.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby politipatrulje ved hendingar /oppdrag som politidistriktet sin operasjonssentral prioriterer å sende politipatrulje til.

Lensmannsdistriktet vil skjeldan kunne tilby førebyggjande politipatruljeteneste utan at dette er planlagt i god tid før større arrangement.

Lensmannsdistriktet vil kunne tilby sporadiske trafikkkontrollar i lensmannsdistriktet. Kontrollane vil i hovudsak vera i Lindås og Meland pga. beredskap til meir sentrale strøk. Lensmannsdistriktet vil i likevel tilby en aktiv deltaking i det førebyggjande arbeidet som TSU (trafikkfaglig samarbeids utval) tilbyr kommunane i lensmannsdistriktet.

## 3. Politikontakten

Politikontakt/politiråd er en av politireformas seks prioriterte funksjoner. Førebyggjande teneste skal knytast tett saman med politiets andre oppgåver i en samanhengande kjede av tiltak for tryggleik og kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Politikontakten skal vera det faste bindeleddet mellom lensmannsdistriktet og kommunen. Politikontakten er fast medlem av politirådet.

Det skal vera en gjensidig avtale om politikontaktordninga i kommunen.

## 4. Politiråd

Det skal være eigen avtale om politirådssamarbeid for det enkelte politiråd. Denne skal reviderast kvart år. Lensmannen og politikontakten ved tenesteeininga er faste medlemmer i politirådet.

Politirådsmøte skal haldast minimum to gonger pr. år.

## 5. SLT (samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak)

Meland kommune har ikkje SLT-koordinator.

## 6. Forventningar til samarbeid

Samarbeidet med kommunen er gjensidig. Det er derfor viktig at avtalen omhandlar forventningar begge veier. Det er viktig med god samhandling som for eksempel i forhold til politivedtekter, barnevern, trafikale forhold, rus-politisk handllingsplan og planarbeid i kommunen sett i et kriminalitetsforebyggande perspektiv.

Polittet har forventning om at kommunen som samarbeidsaktør, bidrar til ein samordna forebyggande innsats mot kriminalitet og rusbelasta utfordringar. Dette skal sikrast gjennom tett dialog med politikontakten / politiråd.

## 7. Spesielle fokusområder

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkforebyggjande arbeid

## 8. Organisering av samarbeidet

Samarbeid skal sikrast ved avtaler i politiråd og gjennom politikontaktordning.

## 9. Administrative forhold

Teleplikt vært følgt opp av kvar enkelt ansvarlig part.

Teleplikt er likevel ikkje til hinder for å dele informasjon når det kan være fare for liv og helse. Alle har ei plikt til å hindre nærmare glitte straffbare forhold og handlingar etter Straffelovens § 196.

Det er viktig at reglene om telesplikt ikkje er til hinder for det forebyggjande samarbeidet. Avklaring om temaet underveis, vil være svært viktig.

## 10. Evaluering

Samarbeidsavtalar må evaluerast årlig. I tillegg er det utgitt vegledar frå Politidirektoratet for evaluering av politirådet.

*K. I. Vangberg, Lensmann*  
for Politimeister



*Ø. H. Oddelhaug*

Ordfører



**MELAND KOMMUNE**  
Ordfører